



Prinsippprogram for Raudt

Vedtatt av landsmøtet i 2019

www.pdf-arkivet.no/ (2022)

Innhald

Kapittel 1. Vårt verdigrunnlag: Likeverd, fridom, solidaritet og fellesskap.	s. 3
Kapittel 2: Kapitalisme	s. 4
Kapitalismen er urettferdig	s. 4
Det falske skiljet mellom økonomi og politikk	s. 4
Eit udemokratisk system	s. 5
Kapitalismen fører til kriser	s. 5
Kapitalismen er irrasjonell	s. 5
Kapittel 3. For ein grøn sosialisme og ein berekraftig industri	s. 7
Kapittel 4. Imperialisme og antirasisme	s. 9
Økonomisk og militær imperialisme	s. 9
Noreg og imperialismen	s. 9
Antirasistisk kamp	s. 10
Den autoritære høgrepopulismen og fascismen	s. 11
Nasjonalt sjølvstende og sjølvråderett	s. 11
Kapittel 5. Feministisk frigjering	s. 13
Kvinnefrigjering er meir enn klassefrigjering	s. 13
Kvinnekamp er også klassekamp	s. 14
Den organiserte kvinnekampen	s. 14
Kapittel 6. Kvifor sosialisme?	s. 15
Menneska sin verdi	s. 15
Sosialistiske modellar	s. 15
Sosialistisk samfunnsstyring	s. 16
Sosialisme for det 21. hundreåret	s. 17
Kapittel 7. Kreftene for forandring	s. 18
Arbeidarklassen	s. 18
Folkelege rørsler	s. 18
Fagrørsle og parti, grunnplan og leiing	s. 18
Ein demokratisk revolusjon	s. 19
Reform og revolusjon	s. 19
Vi bygger sosialisme saman	s. 20



Kapittel 1. Vårt verdigrunnlag: Likeverd, fridom, solidaritet og fellesskap.

Raudt sine prinsipp og politikk byggjer på grunnverdiane likeverd, fridom, solidaritet og fellesskap.

Likeverd er alle menneske sin rett til eit liv med verdigheit og respekt, uavhengig av kjønn, alder, religion, etnisitet, seksuell identitet, kjønnsidentitet, og andre forskjellar. Dette er det sosiale likeverdet. Likeverd betyr også lik rett og moglegheit til samfunnsmessig deltaking. Dette er det demokratiske likeverdet.

Fridom er alle menneske sin rett til å ta dei viktigaste avgjerdene i sitt eige liv. Fridom er også alle sin reelle rett til å hevde si ærlege meining, forsvare sin verdigheit og handle i solidaritet med andre, utan frykt for straff frå menneske med meir makt, det vere seg styresmaktene, familien eller sjefen. Den som er avhengig og overlaten til den andre sin velvilje, er ikkje verkeleg fri. Fridom føreset derfor likeverd.

Solidaritet er støtte til og samhandling med arbeidarar og andre som står i rettferdig kamp, både i Noreg og i resten av verda. Det er også støtte til utsette og forfølgde grupper og enkeltpersonar. Solidaritet er ein sterk tradisjon innanfor arbeidarrørsla.

Fellesskap er solidariske fellesløysingar. I dei nordiske landa, der arbeidarrørsla har stått sterkt, har fellesskapsløysingane bidrege sterkt til høg sysselsetjing, produktivitet og livskvalitet. Fellesskap er også folkelege rørslar, demokratiske fellesskap, som drivkraft for samfunnsending.

Men alle menneske sitt likeverd og sin fridom, blir berre ein teori på papiret så lenge samfunnet har så store ulikskapar i rikdom og makt som vi har i dag. Kapitalismen er kjenneteikna av nettopp dette: Nokre få har kontroll over arbeidet, arbeidsplassane og ressursane svært mange er avhengige av, og kan bruke denne makta til å auke sine enorme formuar, sitt økonomiske overtak og sin politiske innflytelse. Den private eigedomsretten enkelte har til verdiar skapt på andre sitt arbeid, blir viktigare enn dei mange sin fridom og likeverd.

Stadig fleire blir no klar over motsetninga mellom kapitalismen på den eine sida og menneska sitt likeverd, fridom, solidaritet og fellesskap og naturen sine tålegrenser på den andre. Derfor arbeider Raudt for eit reelt demokrati, et sosialistisk samfunn.

Vi set fellesskapen til dei mange opp mot ein kapitalistisk maktkonsentrasjon som tener dei få. Denne demokratiske fellesskapen, med arbeidarrørsla i spissen, har æra for mykje av framgangen i økonomisk tryggleik og demokratisk fridom for folk flest det siste hundreåret.

Raudt sitt mål er eit samfunn utan klasseskilje – utan undertrykking og utbytting – i harmoni med naturen sine tolegrenser, der demokratiske fellesskap sikrar oss alle likeverdige fridom og moglegheit til å leve det vi sjølve definerer som gode liv.



Kapittel 2: Kapitalisme

I rundt 200 år har stadig større delar av kloden blitt styrt etter kapitalistisk marknadsekonomi. Noreg er, som andre kapitalistiske land, eit klassesamfunn. Med det meiner ein at folk høyrer til samfunnsklasser som har ulike interesser. Det er to hovudklasser med interesser som står i skarp motsetnad til kvarandre; kapitalistklassen og arbeidarklassen. Kapitalistklassen består i hovudsak av ein økonomisk elite som eig, kontrollerer eller disponerer produksjonsmiddel, naturressursar eller kapitalverdiar, og av en politisk elite som støttar opp om desse gjennom sin posisjon i styringsverk eller organisasjonsliv.

Arbeidarklassen består av dei som lever av å selje arbeidskrafta si. Arbeidarklassen i Noreg i dag finst i industri av alle slag, i handel, transport og tenesteyting, i sjukehus og skole, på kontor og i lagerhallar – både i privat og offentlig sektor.

Det er ein kontinuerleg interessekonflikt under kapitalismen, mellom dei to hovudklassene. I Noreg har kapitalistklassen blitt stadig meir aggressiv i klassekampen. Dette viser seg gjennom kapitalistklassen sin kamp mot arbeidarrørsla sine fellesskapsløysingar, t.d. våre felles arbeids- og pensjonsrettar.

Den kapitalistiske verdsøkonomien Noreg er ein del av, har gjennom fleire hundre år bidrege til ei teknisk utvikling av produksjon og kommunikasjon. På denne måten har verda no tilsynelatande det materielle grunnlaget for at alle menneske skal kunne leve sine liv i fridom og økonomisk tryggleikt. Men grunna kapitalismen sin udemokratiske maktkonsentrasjon, skaper den i staden fleire av vår tids største samfunnsproblem.

Berre ved at arbeidarklassen overtar styringa, avskaffar kapitalismen og demokratiserer økonomien, vil det kunne skapast ei verd med likeverd og fridom innanfor naturen sine tolegrensar og eit verdssamfunn som ikkje er prega av krig og konflikt.

Kapitalismen er urettferdig

Kapitalismen er urettferdig fordi eigarane sin makt over andre sine arbeidsplassar, tillet at dei haustar rikdommen av andre sin felles innsats. Grunnlaget for kapitalisten sin profitt, er dei tilsette sitt arbeid. Det er arbeidarane som skaper verdiane i produksjonen, men dei får berre betalt for ein del av arbeidet, mens kapitaleigarane tar ut verdien av resten (meirverdien) i profitt. Dette er mogleg fordi arbeidarane er avhengige av å få selt arbeidskrafta si til dei kapitalistane som til ei kvar tid ønskjer å kjøpe den. Så lenge arbeidarane sel arbeidskrafta si ein og ein, blir dei i utgangspunktet prisgitt dei løns- og arbeidsvilkår kapitalistane til ei kvar tid tilbyr. I dag har kapitalistane monopol på produksjonsmidla. Berre ved å organisere seg i fagforeiningar, med mål om å opprette monopol på arbeidskrafta si, kan arbeidarane vege opp for ein del av den overlegne makta kapitaleigarane har.

I nyare tid har vi hatt en utvikling der større delar av arbeidarklassen jobbar i usikre jobbar for låg løn, og mange må ha fleire jobbar for å få endane til å møtast. Dei nyliberale endringane i arbeidslivet, med auka bruk av innleige, enkeltmannsføretak, mellombels tilsetjing, oppstyking og outsourcing av tenester, svekker arbeidarklassen si moglegheit til å oppretthalde ein monopolsituasjon av arbeidstilbodet.

At kapitalismen er urettferdig, viser seg også gjennom at store kapitaleigedomar går i arv. Som ein følge av dette, blir også kommando over investeringar og bedrifter arva, noko som inneber at nokre arvar makt over andre menneske sitt arbeid og liv.

Det falske skiljet mellom økonomi og politikk

Tidlegare var det meir openbert at adelen gjorde seg rike på arbeidsfolk sitt strev. I dagens kapitalistiske Noreg skjer ikkje dette gjennom slaveri eller liveigenskap, men ved utvinning av meirverdi. Arbeidarane si løn må alltid vere mindre enn den verdien arbeidet skaper. Det er denne meirverdien som blir til kapitaleigarane sin profitt. Dette maktforholdet mellom kapitalist og arbeidar er allment over heile verda, og det blir stort sett inngått arbeidsforhold utan direkte tvang gjennom tilsynelatande friviljug sal av arbeidskraft. Det heile går føre seg innanfor «den økonomiske sfæren», som under kapitalismen blir påstått å vere skilt frå «den politiske sfæren».

Det ideologiske og praktiske skiljet mellom økonomi og politikk, er årsaka til at samfunnet vårt kan ha allmenn stemmerett og samtidig ein kraftfull maktkonsentrasjon i hendene på ein liten økonomisk elite. Kapitaleigarane har interesse av at fellesskapen held seg unna dei store konserna og bankane sine avgjerder, fordi dette ifølge dei sjølve handlar om økonomi, ikkje politikk.



Men politikk handlar nettopp om å setje mål, gjere prioriteringar og dirigere ressursar, akkurat det eigarane og deira representantar i ei stor kapitalistisk verksemd gjer. Makta kapitalistane forvaltar, er derfor ei politisk makt. Avgjerder blir tatt i lukka styrerom, og dermed er mykje av den politiske makta avskore frå fellesskapen under kapitalismen. Den politiske eliten kan ikkje ta stemmeretten frå folk, og da gjeld det å innskrenke kva stemmeretten kan bestemme.

Eit udemokratisk system

Kapitalismen fungerer i strid med grunnleggjande demokratiske prinsipp. Det er eit demokratisk problem at verdsøkonomien sitt finansielle blodomløp, dei store bankane, bli styrt av eit fåtals rike menneske. Ei rekkje andre viktige samfunnsinstitusjonar blir styrte av kapitaleigarar, f. eks. industrikonsern som kontrollerer millionar av menneske sine arbeidsplassar, legemiddelselskap med patent på livreddande medisin og IT -gigantane som dominerer på nettet og stadig meir av verda utanfor. Den private eigeomsretten gir dermed eit velstående mindretal ei samfunnsmakta som ikkje kan sameinast med demokratiske prinsipp.

Kapitalismen er udemokratisk, ikkje berre ved at makta over dei store bankane og selskapa tilhøyrrer ein liten økonomisk elite, men også fordi avgjerdene inne i verksemdene blir diktert ovanifrå.. Mens leiinga i burettslag eller idrettslag blir vald av dei involverte, gjeld ikkje ein slik praksis så snart vi går inn døra til den viktigaste fellesskapen for folk flest – arbeidsplassen.

Samtidig som kapitaleigarane blir mektigare, blir også pengar og makt samla på stadig færre hender. I dag er det ei lita gruppe superrike menneske som dominerer kapitalistklassen. Desse menneska styrer svært mange internasjonale konsern, dominerer eigarskap i store deler av massemedia, sit i kvarandre sine styre og har enorm makt i verda. Dei samarbeider internasjonalt i klassekampen mot arbeidarklassen. Samtidig er dei i konflikt med kvarandre i ei evig søking etter råvarer, marknader, billeg arbeidskraft – etter profitt. Skatteunndraging og korrupsjon blir også stovereint i dette jaget etter profitt.

Staten er ikkje ein nøytral institusjon under kapitalismen, fordi staten si rolle blir å forsvare kapitaleigarane sin rett til å tileigne seg verdiane av det som blir produsert. Staten er med sitt omfattande maktsystem med på å oppretthalde kapitalismen gjennom byråkrati, lovverk, politi og militærapparat. Samtidig kan staten også vere ein plattform der arbeidarklassen og sosiale rørsler kan kjempe fram betre velferdsordningar og rettar for vanlege folk. Likevel ser vi at tilkjempa gode blir svekka, og moglegheitene for å få til reelle endringar innanfor rammene av kapitalismen blir dårlegare. Konsentrasjonen av makt og kapital styrker denne tendensen.

Dei som har makt og pengar, har størst moglegheit til å formidle sine idear og sin verdsforståing. Bevisst og ubevisst blir det spreidd mykje av deira tankegods. Strukturelle føringar og press på skulen sine læringsmål, tradisjonelle og sosiale media, politiske parti, organisasjonar og ulike kulturuttrykk, vil vere meir eller mindre farga av dette.

Dette grunnfestar kapitalistklassen si ideologiske forståing av verda og gir den eit kulturelt hegemoni. Vi blir fortalt at vi først og fremst skal sjå på oss sjølve som forbrukarar, heller enn arbeidarar. Vi blir fortalt at klasseskilja er naturlege og mindre enn dei verkeleg er og at det ikkje finst alternativ til kapitalismen.

Kapitalismen fører til kriser

Det er fleire mekanismar i kapitalismen som i seg sjølv fører til kriser. Grunnleggjande sett er arbeidarane si løn ein utgift som kapitalistane ønskjer at skal vere lågast mogleg. Men arbeidarane si løn blir også kjøpekraft som trengst for å selje varer. Blir løna for låg, vil omsetninga av varer, og dermed kapitalistane si økonomiske fortjeneste, gå ned. Kapitalismen har dermed ei indre motsetning som ikkje kan løysast.

I tillegg flytter finanskapitalen sine investeringar til den sektoren i marknaden som til ei kvar tid er mest lønsam. Dette skaper med jamne mellomrom overproduksjon. Finanskapitalen sin spekulasjon i verdier og valuta, skaper også bobler – profitt som ikkje byggjer på verkelege verdier – som før eller sidan sprekk. Til saman skaper dette jamlege kriser i den kapitalistiske økonomien, noko som rammar det arbeidande folket hardast.

Kapitalismen er irrasjonell

Kapitalismen driv fram ei irrasjonell og destruktiv samfunnsutvikling. Når nokre få kapitalistar eig like mykje som den fattigaste halvdelen av verda si befolkning, er det openbert at kapitalismen ikkje maktar å fordele verda sine ressursar på ein fornuftig og rettferdig måte. Vi har nok ressursar i verda, men likevel døyr folk av svalt.



Når eit fåtal kapitaleigarar sit på eigarskap over mesteparten av jorda sine ressursar, er det utenkeleg at dei store avgjerdene skal tene det store fleirtalet. Verksemdar og kapitaleigarar er fanga i ei nådelaus konkurranse mot andre verksemdar og eigarar. I ein «vinn eller forsvinn» -situasjon, der Industrikonsern A ikkje tar miljøomsyn, har ikkje Industrikonsern B råd til å gjere det heller.

Denne systemtvangen forplantar seg til folkevalde og regjeringar. Ikkje berre fordi store pengar kjøper sterk politisk innflytelse i mange land, men også fordi statsleiarane er avhengige av dei kapitalistiske verksemdene for å sikre innbyggjarane sysselsetting og staten eit skattegrunnlag. Når Stat A ikkje pålegg verksemdene miljøkrav, tar gjerne ikkje Stat B sjansen på å gjere det heller.

Slik verkar statane sine handlingsrom svært avgrensa, stilt overfor den mest alvorlege trusselen mot menneskeslekta; menneskeskapte klimaendringar. Dette skuldast ikkje at demokratiet er dårleg eigna til å løyse store problem, men derimot at statane manglar den politiske makta som situasjonen krev. Handlingslamminga i møte med klimakrisa, illustrerer ikkje folkestyret sin fallitt, men kapitalismen sin fallitt.



Kapittel 3. For ein grøn sosialisme og ein berekraftig industri

Kapitalismen er ein trussel mot livet på kloden. Kapitaleigarane sine moglegheiter for kortsiktig økonomisk gevinst, blir prioritert høgare enn miljøet på lengre sikt. Dette fører til rovdrift på naturen. Jorda har avgrensa med naturressursar, og det er grenser for kor mykje naturen og miljøet kan ta imot av utslepp og avfall før det blir uopprettelege skader. Skal ein unngå dette, må økonomien respektere tålegrensene til naturen.

Global oppvarming og klimaendringar. Rapportane frå FNs klimapanel, teiknar eit dystert bilete av høgare temperaturar, polis som smeltar, mangel på vatn og dyrkbar mark, utarming av verdas fiskebestandar og massiv insektdaude. Vi ser også problem som plastforsøpling i verdshava og avskoging auke i omfang. Jorda sine økologiske system er komplekse og sårbare og står no på randen av samanbrot, med ufattelege følgjer for alt liv på jorda. For å bøte på dette, er det behov for strakstiltak.

Utslepp av klimagassar i atmosfæren fører til menneskeskapte klimaendringar. Den dramatiske auken i klimagassutslepp dei siste hundre åra, viser at menneska har levd fråkopa jorda si tåleevne og brukar meir ressursar enn det jordkloden kan bere fram. Den industrielle kapitalismen har ført til ein komfortabel auke i levestandard, særleg for innbyggjarane i rike, industrialiserte land, men er bygd på kortsiktige profittomsyn, ikkje økologisk berekraft.

Resultatet er et vi beveger oss urovekkjande raskt mot økologisk kollaps. Den vil i første omgang ramme dei fattigaste og mest sårbare av kloden sine innbyggjarar hardast, dei som har bidrege minst til problemet. Men ingen samfunn vil bli skåna, og også Noreg står overfor drastiske økologiske og politiske endringar. Klimaendringane fører allereie til svolt, tørke, vassmangel, krig, konflikt og at folk blir tvinga ut på flukt. Vi vil sjå mykje meir av det i åra framover, også om vi handlar no for å avgrense dei verste effektane av klimaendringane.

I møte med denne økologiske katastrofen, fortset brorparten av verdas styresmakter å framstå som handlingslamma. I festtaler snakkar dei stadig oftare om nødvendigheita av å avgrense klimaendringane, men i praktisk politikk skjer det lite. Vestlege styresmakter, inkludert alle norske regjeringar dei siste tiåra, ser ut til å tru at teknologiske framsteg og marknadsmekanismar, er nok for å stagge ein trussel som er heilt eksistensiell for livet på jorda.

Vi i Raudt meiner at dagens klimautfordringar må sjåast i samheng med kapitalismen sin irrasjonelle og udemokratiske natur. Krav om kontinuerleg økonomisk vekst, set land og selskap opp mot kvarandre i ein dødeleg konkurranse om ressursar. 100 av verdas selskap står for over 70 prosent av verdas klimagassutslepp. Desse er ikkje demokratisk styrt og bruker sin økonomiske makt til å motverke reguleringar som kan hindre dei i sitt profittjag. Nokre få eigarar blir rike, mens jorda si befolkning i akselererande grad, misser tilgong til reint vatn, rein luft, dyrkbar mark og eit levedyktig klima. Vi brukar allereie i dag meir naturressursar enn det som er innanfor naturen si tolegrense og ligg an til ein enorm auke om utviklinga i framtida fortset slik den har gjort hittil.

Sidan opplysningstida og framveksten av kapitalismen, har menneska over store delar av kloden sett på seg sjølv som herskar over naturen snarare enn som ein del av den. Naturressursar har eksistert for å bli henta ut og utnytta, utan tanke på fornying, økologi og andre levande skapningar. Denne tankegangen har ført til enorm forureining og overproduksjon og er i ferd med å setje oss i ein farleg situasjon der vi raskt kan gå tom for viktige råvarer som er avgjerande for vår overleving. Det er derfor nødvendig å omdefinere forholdet vårt til naturen, ressursutnytting og berekraft. Denne heilt nødvendige tilpassinga av tanke- og levesett på planeten, treng ikkje føre til den arbeidsløysa og det kaoset som mange av våre politiske motstandarar, i si forneking av dei økologiske realitetane, åtvarar mot. Snarare kan det føre med seg ei meir rettferdig fordeling av jorda sine ressursar globalt, sterkare fellesskap, betre offentlege tenester og redusert arbeidstid, samtidig som sysselsettinga blir oppretthalde. Raudt ønskjer å gjennomføre ein industriell revolusjon som byggjer vidare på Noreg sin allereie eksisterande, energieffektive og høgproduktive industri. Ei grøn og rettferdig omstilling av norsk økonomi, med ny industribygging, er nødvendig for å sikre arbeidsplassar og bidra til at Noreg kan bli et nullutsleppssamfunn.



Det er mogleg å setje øvre grenser for ressursutnytting, slik at vi ikkje hentar ut meir frå jorda og hava enn det naturen sjølv kan produsere. Planeten vår har framleis ressursar som kan dekke alle menneske sine behov. Når den ikkje gjer det i dag, er det fordi ressursar og makt er grovt skeivfordelt. For å hindre ein økologisk kollaps med enorm liding og daude som følgje, også for dyra, plantene og insekta som deler planeten med oss, må vi setje alle menneske sine behov for ein klode der ein kan bu og leve, framfor kortsiktige behov for vekst og profitt.

Ei stadig forventning og målsetting om økonomisk vekst, lar seg ikkje kombinere med ei berekraftig global utvikling. Folkestyret sin posisjon må styrkast og vitaliserast, slik at menneska i fellesskap kan ta grep om si eiga felles framtid.



Kapittel 4. Imperialisme og antirasisme

Vår tids kapitalisme er internasjonal. Kapitalen sitt behov for kontinuerleg vekst fører til at dei nasjonale marknadane korkje klarer å ta unna alle varene som blir produserte eller å tilføre nok råvarer. Kapitaleigarane må derfor ut i den internasjonale marknaden. I tillegg til varehandel, kjem kapitaltransaksjonar, som gjer at finanskapitalen blir dominerande i dette kapitalistiske verdssystemet vi kallar imperialismen.

Dei grunnleggjande skiljelinene i verda, går ikkje mellom nasjonar og folkeslag, men mellom den økonomiske makteliten og arbeidarklassen. Internasjonal solidaritet er ein bærebjelke i vår politiske strategi.

Samtidig har motsetningane mellom imperialistmakter og fattige land, stor betydning for dagens kapitalistiske verdsorden. Den politiske og militære kampen mellom statane, heng saman med den økonomiske kampen mellom dei store kapitaleigarane. Konkurransen mellom store konsern og finansføretak er avgjerande for utanriks- og militærpolitikken.

Kapitalistisk imperialisme skil seg frå tidlegare tiders kolonialisme. Til forskjell frå kolonitida, er det sjeldan slik at stormakter i dag etablerer varige koloniar i framande land for å utvinne naturressursar og arbeidskraft gjennom direkte okkupasjon og tvang. Samtidig har koloniarven skapt undertrykkande og skeive maktstrukturar og system som blir vidareført den dag i dag. Utvinninga skjer gjennom investeringar over landegrensene, tilgang på billeg arbeidskraft i fattige land sine fabrikkar og handelsvilkår som tener den rikare parten.

Økonomisk og militær imperialisme

Den stadig meir konsentrerte kapitalistklassen, brukar overnasjonale institusjonar som Det internasjonale pengefondet, Verdsbanken, Verdas handelsorganisasjon og EU til å presse gjennom ein politikk for fri flyt av varer, tenester, arbeidskraft og kapital over heile verda. Føremålet med dette, er å fjerne alle reguleringar som svekker deira evne til å hauste profitt – å skape ein global konkurranse der billegaste arbeidar, mest skattefrie stat og dei største subsidiane til næringslivet vinn, og velferd og demokrati for arbeidarklassen taper. Dei overnasjonale institusjonane set statar – særleg dei med stor gjeld – under sterkt press for å liberalisere økonomien. Vidare kan bistand brukast som eit verkemiddel for å legitimere og usynleggjere økonomisk imperialisme.

Når dette ikkje fører fram, kjem ofte den militære sida av imperialismen til syne. Den militære imperialismen er godt dokumentert gjennom den lange lista med krigar, militærkupp og statskupp, forkledd som opprør og revolusjonar, som er utførte og støtta av den dominerande stormakta USA etter andre verdskrig. Ofte har krigane funne stad fordi USA ønskjer å støtte opp sine egne økonomiske og geopolitiske interesser i fattigare land.

Kapitalisme betyr ofte krig. Rivaliseringa mellom stormaktene sine kapitalistar, bidrar til ei rivalisering mellom statane, noko som i verste fall endar i militær konfrontasjon. Problemet blir forverra av at våpenindustriane sjølve er mektige økonomiske og politiske aktørar, som kan være tente med eit høgt militært spenningsnivå og konflikt.

Når no konfliktnivået mellom USA og Russland aukar igjen, følgjer Noreg USA si linje og stiller norsk territorium til disposisjon for amerikanske styrkar sin militære omringing av Russland. Raudt meiner at Noreg ikkje skal stille seg på nokon side i kampen mellom imperialistiske stormakter og vil ikkje støtte korkje Russland eller USA. Derfor er vi imot denne farlege utviklinga.

Kampen for å bevare fred mellom atommaktene, står i ei særstilling for å beskytte menneske og miljø. Raudt deltar i arbeidet for nedrustning, avspenning og avskaffing av atomvåpen. Å hindre storkrig, er ein føresetnad for å bygge sosialisme.

Noreg og imperialismen

Noreg var lenge ein undertrykt nasjon sjølv, i union og okkupert av andre statar. Samtidig har Noreg i fleire hundre år kolonisert samiske territorium, og det norske storsamfunnet har historisk undertrykt nasjonale minoritetar gjennom tvungen assimilering og diskriminering. Nordmenn har også lenge inngått i utnyttinga av andre folkeslag, mellom anna under slavetransporten frå Afrika til Amerika.



Koloniseringa av Sápmi føregår framleis. Gjennom «grøn» utvikling forsvare ein inngrep i samiske område, inngrep som går på kostnad av lokal miljøvennleg reindrift, sjølvråderett og tradisjonar. I tillegg er det for mange ein kamp å få undervisning på sitt morsmål, som i utgangspunktet er en rett alle i Noreg skal ha.

I dag har Noreg ein helt anna plassering i verdsøkonomien enn den gongen vi var underlagt andre nasjonar. Som ein stor olje- og gassseksportør, som heimland for globale aktørar som Telenor, Hydro og Equinor – og som eigar av verdas største statlege investeringsfond, er Noreg blitt ein veksande imperialistmakt.

Samtidig har det norske militærapparatet blitt meir innretta mot angrepskrig i utlandet, under leiding av USA og NATO, i staden for å forsvare heimlandet. Raudt er prinsipielt imot NATO og vil melde landet ut av alliansen. NATO-medlemskapen knyter oss til den aggressive imperialistmakta USA gjennom mellom anna våpenutvikling og internasjonale militære operasjonar. Dette gjer Noreg til ein imperialistisk orientert stat, på lag med dei rike og dominerande statane i verda, og det forverrar forholdet vårt til land som opplever NATO som ein trussel. Å vere ein del av NATO-alliansen, er derfor å gamble med norsk sikkerheit, og gjer at Noreg vil bli trekt inn i ein eventuell ny storkrig frå krigens første minutt.

Vi vil derfor melde Noreg ut av NATO. Samtidig kan vi ikkje leggje landet forsvarslaust for den første og beste stormakt som ønskjer å ta kontroll over ressursane våre med makt. Vi må byggje opp att Noreg sin nasjonale forsvarsevne for å sikre sjølvstendet vårt.

Raudt støttar folk og nasjonar som slåst mot okkupasjon og undertrykking. Norske sosialistar har eit særleg ansvar for å jobbe mot norsk imperialism. Samtidig tar vi avstand frå undertrykking, overgrep mot sivile og innskrenking av demokratiske rettar, uansett kor i verda det skjer eller kven som står bak. Raudt vil forsvare Folkeretten og nasjonane sin sjølvråderett, inkludert samisk sjølvråderett i samiske område.

Noreg har eit urfolk og fleire nasjonale minoritetar – samar, kvener, skogfinnar, jødar, rom og tatarar (romani). Raudt vil ha eit samfunn der urfolk og nasjonale minoritetar sine rettar blir ivaretatt og får sin rettmessige plass.

Noreg har gjennom skiftande regjeringar vore ein av Europas strengaste på asyl- og flyktningpolitikk. Samtidig er det fleire menneske på flukt enn nokon gong sidan den andre verdskrigen.

Raudt jobbar for eit solidarisk vendepunkt i asyl- og flyktningpolitikken. Vi må som eit rikt land og som ein pådrivar i krigar i utlandet dei siste tiåra, ta eit særleg ansvar for å ta imot langt fleire menneske som flyktar frå krig, terror, klimaendringar, naud og katastrofar. Raudt er for ein human og solidarisk asyl- og flyktningpolitikk.

Antirasistisk kamp

Raudt er eit antirasistisk parti som kjempar mot alle former for diskriminering og undertrykking basert på etnisitet, kulturell bakgrunn, religion eller hudfarge.

Rasismen har historisk vakse fram som ein nødvendig ideologi for å forsvare kolonialisme og slaveri og rettferdiggjere undertrykking av folkegrupper. I vår tid tener rasismen som eit ideologisk forsvar for rike og vestlege land si utnytting av og krigføring mot fattige land i andre verdsdelar. Utan rasismen som deler menneske inn i «oss» og «dei», ville europeiske styresmakter aldri vore i stand til å rettferdiggjere den umenneskelege interneringa av flyktningar i overfylte leirar langs Middelhavet.

Rasisme mot minoritetar er eit betydeleg samfunnsproblem i Noreg. Det har vore ein sterk vekst i rasisme, høyreekstremisme og fascistiske organisasjonar og parti i Europa det siste tiåret. Også i Noreg har rasismen auka. Spesielt har det vore ein markant auke av antisemittisme og rasisme retta mot muslimar. Fleire nazistiske og rasistiske organisasjonar har begynt å mobilisere, dei er aktive både på internett og ute på opa gate.

Rasistiske røyster har fått ein stadig større plattform til å ytre seg i det offentlege rom. Dette har ført til normalisering av rasistiske haldningar. Rasistiske hatytringar og truslar svekker ytringsfridomen og sikkerheita til minoritetar. Raudt meiner at ingen organisasjonar som bidrar til å spreie rasistiske haldningar og hat mot folkegrupper, skal få offentleg støtte. Ytringsfridom betyr ikkje at ein har ytringsrett i alle samanhenger. Raudt vil ikkje bidra til at rasistar og høgreekstreme får fleire plattformer å spreie hatet sitt frå og meiner rasistar må møtast med motytringar. Nazistiske organisasjonar har ingen plass i det norske samfunnet.



Rasismen blir brukt for å splitte arbeidarklassen, som må byggje klassesolidaritet på tvers av ulike skiljeliner for å bli ein sterk politisk kraft. Raudt meiner vidare at den dobbelt undertrykte posisjonen – som undertrykte grupper i den undertrykte klassen – gir arbeidarane med minoritetsbakgrunn ein viktig rolle i kampen for progressiv samfunnsomvelting. Personar med innvandrarbakgrunn har ofte problem på arbeidsmarknaden. Dei er oftare arbeidslause, og dei har oftare arbeid som ikkje er i samsvar med kvalifikasjonane dei har. De blir oftare utsett for utnytting og brot på arbeidslivet sine reglar. Dei blir iblant omtalt med den same nedlatande forakt som alltid har ramma fattige og arbeidslause. Deira vanskar blir knytt til at dei er minoritetar, og dette bidrar til å kamuflere det som i stor grad er klassespørsmål. På denne måten heng kampen mot rasismen saman med kampen mot kapitalismen.

Det er eit demokratisk problem at mangfaldet i befolkninga ikkje blir gjenspegla i samfunnsmessig virke og i leiing og styrande organ. Dette gjeld også for fagrørsla og dei politiske partia, inkludert Raudt. Raudt vil delta i kampen mot rasisme i alle former.

Den autoritære høgpopulismen og fascismen

Høgpopulistiske parti er ein alvorleg trussel mot arbeidarrørsla sine tilkjempa velferdsordningar og rettar, fordi dei mobiliserer på framandfiendskap og kulturkonfliktar som set grupper i folket opp mot kvarandre. Dette står i direkte motsetning til arbeidarrørsla si hundreårige innretning for solidaritet og fellesskap. Nokre av dei representerer også reaksjonære strøimmingar som truer med å sette frigjeringskampane til arbeidsfolk, kvinner og minoritetar mange tiår tilbake.

Høgpopulismen utnyttar den rettferdige harmen mot den politiske eliten som veks i mange samfunn, der folk har opplevd aukande økonomisk ulikskap og meir utrygge framtidsutsiktar gjennom tiår etter tiår, uavhengig av skiftande blå og sosialdemokratiske regjeringar. Når den politiske eliten sin konsensus om høgorientert økonomisk politikk stenger av arbeidsfolk sin veg til demokratisk og progressiv samfunnsending, kan ytre høgri gripe initiativet og leie folkeleg harme i retning autoritære og reaksjonære «løysingar», vanlegvis på dei vanskelegstilte gruppene sin kostnad.

Derfor er marknadsliberalistisk, EU-lojalt og høgorientert leiarskap i mange sosialdemokratiske parti de siste tiåra, medansvarleg for framveksten av ein trugande høgpopulisme. Effektiv kamp mot høgpopulismen krev eit tydeleg oppgjer med marknadsliberalismen, som skapar aukande ulikskap og sosial naud i mange europeiske land.

Raudt skil likevel mellom den tidvis autoritære høgpopulismen og meir antidemokratiske, fascistiske krefter som ope kjempar mot det borgarlege demokratiet og hissar til kamp mot religiøse, etniske og seksuelle minoritetar. Av 1930-tallet si historie, må vi lære at fascismen stiller i ein særklasse, som arbeidarklassen og demokratiet sin mest dødelege fiende. Mot denne trusselen, som viser teikn til å røre på seg både i USA og Europa, er det riktig å byggje breie alliansar.

Nasjonalt sjølvstende og sjølvråderett

Raudt går inn for samarbeid over landegrensene i kampen for eit rettferdig samfunn i økologisk balanse. Vår internasjonale solidaritet betyr også at vi støttar nasjonal frigjering og sjølvråderett for undertrykte folkeslag.

Kampen for den demokratiske folkesuvereniteten, må også inkludere eit forsvar av Noreg sin sjølvråderett og nasjonalt sjølvstende. Norsk politikk skal styrast frå Noreg, ikkje frå Brussel eller Washington D.C.

Den fremste trusselen mot Noreg sin demokratiske suverenitet, er folkestyret sin underlegging under EU, gjennom EØS og andre avtalar. EU er ikkje eit demokratisk prosjekt for internasjonal solidaritet, men eit marknadsliberalistisk prosjekt for storkapitalen sin dominans over demokratiet og økonomien, europeisk dominans over fattige land og imperialistisk rivalisering med andre stormakter. Å kjempe for internasjonal solidaritet, dei fattige landa si frigjering og rettferdige klimaløysingar, betyr i dag også å kjempe imot EU og EØS-avtalen.

Raudt er imot norsk EU-medlemskap på prinsipielt grunnlag. Vi meiner eit aktivt folkestyre føreset sjølvstendige nasjonalstatar, og EU er ein altfor stor einig som manglar både felles språk, felles offentlegheit og ein felles politisk kultur. Raudt er også imot EU-medlemskap på grunn av den økonomiske politikken. Den autoritære marknadsliberalismen, er grunnlovsfesta i EU, der stemmerettsreglane gjer det utenkeleg at dette skal bli endra av at vesle Noreg går «inn for å påverke».



Raudt sin motstand mot EU skuldast altså ikkje berre politikken som EU fører her og no, men kva EU faktisk er. EU er den kapitalistiske makteliten sitt mest effektive middel for å undergrave folkestyret sine landevinningar frå 1900-tallet og arbeidarklassen si politiske innflytelse i Europa. Dei store konserna har sterk innflytelse ved utforminga av EU sine utallege direktiv og forordningar for «Den indre marknaden», i praksis ein lang liste over kva folkestyret ikkje har lov til å foreta seg. Den indre marknaden er eit sterkt høgreorientert, marknadsliberalistisk prosjekt for å sikre at marknadsfridomen (pengesetlane sin makt) går framfor den demokratiske fridomen (stemmesetlane sin innverknad) og nasjonalstatane sitt sjølvstende.

Reglane for EU sin indre marknad, gir arbeidarklassen «fridom» til å konkurrere om jobbane, men avgrensar den demokratiske fridomen til å regulere konkurransen. Dette systemet, importert til Noreg gjennom EØS, er skapt for å svekke fagrørsla og sette sosial dumping over landegrensene i system.

Noreg må ordne vår økonomiske handel med EU gjennom avtalar som ikkje undergrev demokratiet eller svekker Noreg sin suverenitet. Derfor går Raudt inn for at Noreg bruker vår demokratiske rett til å seie opp EØS-avtalen, slik at Frihandelsavtalen med EU trer i kraft. Så lenge Noreg er bunden av EØS-avtalen, må vi bruke alle høve til å forsvare norske lønns- og arbeidsvilkår og norsk suverenitet og Noreg sine interesser som industrinasjon. Noreg må bruke reservasjonsretten i EØS-avtalen når det tener folk flest.



Kapittel 5. Feministisk frigjering

Raudt sitt mål om eit samfunn bygd på fridom, likeverd og fellesskap føreset full kvinnefrigjering. Raudt er eit feministisk parti.

Kvinner si frigjering vil vere eit resultat av deira eigen kamp for økonomisk sjølvstende, for et liv utan vald og krig, for retten til å bestemme over eigen seksualitet og reproduksjon og mot diskriminering av alle slag. Det kapitalistiske samfunnet i Noreg og i verda, kan ikkje gjere denne fridomen mogleg. Sosialisme er ein føresetnad for at kvinnekampen kan føre til frigjering. Men også i eit sosialistisk samfunn, må kvinner vere budd på å kjempe for full likestilling, fordi menn som kjønn har vent seg til å undertrykke kvinner som kjønn.

Kvinnekampen først på 1900-talet, førte til formell likestilling av kjønna på felt som stemmerett og retten til å forvalte eiga inntekt og eigedom. Dette var ein nødvendig føresetnad for kvinner sin individuelle fridom og sjølvstende. Utviklinga av velferdsstaten i andre halvdel av 1900-talet, gjorde at det blei mogleg med framsteg for kvinner si frigjering. Velferdsstaten tar kollektivt ansvar for noko av omsorgsarbeidet med barn og eldre, noko som tradisjonelt har lenka mange kvinner til heimen og familiesfæren. Velferdsstaten sikrar fleire kvinner sysselsetting og eiga inntekt. Velferdsstaten sine rettar til betalt foreldrepermisjon, barnehageplass, helsetenester og folketrygd, gir eit vern mot å vere økonomisk avhengig i private relasjonar.

Under dei store og synlege framstega for likestilling og kvinnefrigjering i samfunnet vårt, lever den tradisjonelle kjønnsmaktaordenen framleis vidare. På ei rekke område ser vi den nedarva mannsdominansen, også i Noreg.

Kvinner sitt arbeid blir lønna lågare enn menn sitt, i tillegg til at kvinner gjer meir husarbeid og omsorgsarbeid enn menn. Denne lønns- og arbeidsfordelinga bidrar også til at langt fleire kvinner enn menn arbeider deltid og dermed kjem dårlegare ut økonomisk, både i yrkeslivet og som pensjonistar.

Vidare er menn kraftig overrepresentert i leiande maktposisjonar. Kvinner har også lågare formue enn menn. Dette gjeld ikkje berre den økonomiske makta i forretningslivet, men også på område der kvinner er i fleirtal.

Vår kultur har framleis sterke innslag av ein kjønnsmaktaorden der det maskuline blir assosiert med styrke, initiativ, leiarskap og overorda posisjonar, mens det kvinnelege blir assosiert med det passive, det moderlege, det yndige og ein underordna posisjon. Dei kulturelle og økonomiske kjønnskilnadane, bidrar til at menn sin vald mot kvinner, inkludert seksuelle overgrep og prostitusjon, framleis er blant våre mest alvorlege samfunnsproblem. Samtidig er vi opptatt av at alle, uavhengig av kjønn, skal få definere sin identitet og veremåte heilt uavhengig av førehandsdefinerte kjønnsroller. Pornokulturen er ein stor del av kvinneundertrykkinga og må kjempast mot.

Kvinnefrigjering er meir enn klassefrigjering

Kampen for kvinnefrigjering er ikkje det same som, og kan ikkje reduserast til, arbeidarklassen sin frigjeringsskamp.

Menn sin vald, seksuell trakassering og hersketeknikkar, rammar kvinner i alle klassar og samfunnslag. Anten det gjeld den tidlege sosialiseringa til ei meir underordna kjønnsrolle som jenter blir utsette for, seksuelle overgrep, valdtekt og vald, eller den skeive fordelinga av dei øvste maktposisjonane, blir kvinner ramma av kjønnsrolleforventningar og menn sin dominans på tvers av klasseskilje.

Mange feministiske kampsaker kan derfor samle på tvers av økonomiske og politiske klassekonflikter. Dette gjeld t.d. kampen for sjølvbestemt abort, juridisk likestilling og lover mot diskriminering, lik tilgang til maktposisjonar uavhengig av kjønn og kamp mot seksuell trakassering og menn sin vald mot kvinner. Det same gjeld kampen mot diskriminering av seksuelle minoritetar og alle som blir utsette for stigmatisering, vald og anna undertrykking fordi dei ikkje tilpassar seg den dominerande norma for heteroseksualitet. Denne diskrimineringa rammar på tvers av økonomiske og sosiale klasseskilje, og den kunne vore oppheva utan at det ville rokka ved det fundamentale maktforholdet i kapitalismen sin orden.

Raudt sin feministiske kamp inneber også at tilvisingar til kultur eller religion aldri kan legitimere ein kvinneundertrykkande praksis som innskrenkar kvinner sin rett til å bestemme over eige liv og egen kropp.



Transpersonar er ein naturleg del av feminismen, sidan også transpersonar opplever diskriminering på bakgrunn av kjønn.

Kvinnekamp er også klassekamp

På vesentlege område er likefullt kvinnekampen bunden saman med klassekampen. Det ser vi på område der frigjerung for kvinner flest, kjem i motsetning til kapitalen sine interesser.

Kvinner har mest å tape på svekking av velferdsstaten, fordi det ulønna omsorgsarbeidet i stor grad vil falle på kvinner, fordi det stort sett er kvinner som jobbar i velferdsstaten og fordi svekka velferdsrettar aukar den økonomiske avhengnaden i private relasjonar. Det er ikkje berre inntekt som er skeivfordelt. Også når det kommer til det å eige bustad og andre privatøkonomiske investeringar, ser vi at kvinner kjem dårlegare ut enn menn. Kampen for kvinner sitt økonomiske sjølvstende, er derfor uløyselig knytt til klassekampen for velferds- og fellesskapsløysingar.

Kvinner har mest å tene på redusert normalarbeidstid. Kjønnssrolleforventningane til kven som har hovudansvar for omsorgsarbeid, gjer ofte at kvinner blir hardast ramma av «tidsklemma» mellom yrkesliv og familieliv, og denne har blitt meir presserande i takt med at kvinner si yrkesdeltaking har auka markant dei siste par generasjonane, utan nokon motsvarande reduksjon i normalarbeidstid. Fleirtalet sin kamp for reell kvinnefrigjerung, heng saman med klassekampen for kortare normalarbeidstid for alle.

Kampen for likelønn er også ein kamp der kvinnesak og klassekamp går hand i hand. Rettferdig lønn i kvinnedominerte yrke, skal ikkje finansierast ved redusert løn for typiske mannsyrke, men av kapitaleigarane, som i dag sparer enorme beløp på underbetalinga av desse. I og med at omfordelinga ikkje vil skje frå menn til kvinner, men frå kapitaleigar til tilsette, blir likelønnskampen også ein klassekamp.

Kvinner står oftare i underordna posisjonar i arbeidslivet, og er dermed mykje oftare utsett for seksuell trakassering enn menn. Kvinnekampen mot seksuell trakassering, er nært knytt til klassekampen for faste og trygge tilsetjingar. Derfor vil einkvar svekking av den faste tilsetjinga, gjennom auka høve til mellombels tilsetjing, svekka stillingsvern, små stillingsbrøkar og så vidare, ramme kvinner hardast. Jo svakare rett for den underordna, jo meir utlevert er ho til sjefen sin vilkårlige velvilje, ein avhengnad som kan gjere ho meir utsett for trakassering og overgrep.

Ein sosialistisk økonomi vil styrke fellesskapsløysingar. Velferdsstaten vil bli sterkt utvida, og redusert arbeidstid vil styrke kvinnene si stilling i samfunnet. Med auka makt i samfunnet og ein trygg økonomi, vil kvinner bli mindre utsett for seksuell trakassering, prostitusjon og menneskehandel.

I desse sakene går kvinnekampen hand i hand med klassekampen. Derfor meiner Raudt at ein effektiv feminisme, med alle kvinner si frigjerung som mål, må vere ein sosialistisk feminisme.

Den organiserte kvinnekampen

Raudt meiner kvinnefrigjerung berre kan vinne fram ved å byggje på felles kamp og solidaritet mellom kvinner og menn. Den feministiske kampen sin fiende, er ikkje menn som gruppe, men alle haldningar, tradisjonar og praksis som held kvinner nede. Samtidig fører kjønnssrollemønsteret vi blir sosialisert inn i til at heller ikkje menn får vere heile menneske og leve ut sine ulike sider.

Raudt meiner at den dobbelt undertrykte posisjonen – som det undertrykte kjønn i den undertrykte klassen – gir kvinnene i arbeidarklassen ei viktig rolle i kampen for progressiv samfunnsomvelting. Kvinner har mest å vinne på innføringa av eit sosialistisk folkestyre. Derfor må kvinner sine erfaringar og interesser sette sterkt preg på venstresida sine parti og ha ein naturleg plass i front for fagrørsla.

Raudt går inn for særskilt kvinneorganisering, det vil seie eigne fora berre for kvinner. Slik kan kvinner auke si kraft i frigjeringskampen ved å kome saman og setje ord på eigne erfaringar, og utvikle eigne politiske strategiar.

Raudt meiner det er eit viktig strategisk mål at kvinnene i arbeidarklassen tar auka definisjonsmakt og får gjennomslag både i fagrørsla og i den politiske kampen for sosialisme.



Kapittel 6. Kvifor sosialisme?

Raudt jobbar for eit samfunn som er meir demokratisk enn dagens, eit samfunn der dei store avgjerdene blir tatt i fellesskap. Spørsmålet er korleis samfunnet kan styrast av dei mange.

Vi kallar dette eit sosialistisk samfunn. Eit slikt system føreset oppslutning frå dette folkefleirtalet. For Raudt er ein sosialisme utan demokrati slett ingen sosialisme.

Poenget med sosialisme, er å avskaffe utbytinga, slik at hovudmålet med den enkelte sitt arbeid ikkje er å auke kapitalen til eigarane. Gjennom dette kan det skapast eit friare og betre samfunn for folk flest. For at vi skal komme dit, må dei store linjene i produksjonen bli styrte av planar som har eit langsiktig perspektiv. I eit sosialistisk samfunn, er privat eige av dei viktigaste produksjonsmidla avskaffa. Både privat eige av produksjonsmiddel og marknader, vil kunne eksistere på mindre prioriterte område. De siste hundreåra er det innført demokratiske institusjonar, allmenn stemmerett og avgrensa velferdsstatar. Trass i dette, har kapitalistane sytt for at økonomien i hovudsak har blitt verande ei demokratifri sone.

I eit sosialistisk samfunn, vil det vere demokratisk styre over alle viktige samfunnsfelt, også økonomien. Makt skal ikkje vere konsentrert hos nokre få, og profitt skal ikkje vere hovudmålet. Arbeidarklassen, den største samfunnsklassen, som før var utan makt over produksjonen, vil vere i ein heilt annan og sterkare politisk posisjon. Saman med sine allierte, vil arbeidarklassen utgjere det store fleirtalet og ha makta over alle viktige samfunnsområde.

Menneska sin verdi

Under kapitalismen har menneska ulik verdi. I eit sosialistisk samfunn vil arbeidarklassen overta makta, og slik vil skilnaden mellom samfunnsklassane bli gradvis redusert.

Skiljet mellom mann og kvinne, inneber at den eine halvparten av folket generelt er lågare verdsett enn den andre. Systematisk arbeid for å avskaffe all kvinneundertrykking trengst for å skape fridom for alle. Alle delar av samfunnet, må arbeide målbevisst for at kvinner skal ha like stor makt og verdi som menn. Samtidig trengst det særeigen og sjølvstendig kvinneorganisering som kontinuerleg pressar på for vidare forbetringar.

Kapitalismen set også arbeidsfolk opp mot kvarandre, basert på hudfarge, heimstad og tru. Mot dette set vi eit samfunn der eit menneske er eit menneske – der folk ikkje er like, men der dei er like mykje verdt.

Ei gruppe kan ikkje vere fri om den er med på undertrykkinga av ein annan. Det er nødvendig at flest mogleg blir bevisste på og kjempar mot undertrykking, også den dei sjølve deltar i. Dei undertrykte må sjølve organisere seg og ta leiinga i frigjeringskampen.

Noreg må gjere slutt på undertrykkinga av det samiske folket og avvikle den imperialistiske utbytinga vår av land rundt om på kloden.

Eit sosialistisk økonomisk system, vil sjølvsagt framleis ha behov for rutineprega, manuelt eller belastande arbeid. Det er eit mål at slikt arbeid blir fordelt jamnare i befolkninga. Det er langt meir rettferdig enn å fordele belastande arbeid gjennom konkurranse i ein arbeidsmarknad, der dei som er svakast stilt, får både dårleg betalt og nokre av dei tyngste arbeidsoppgåvene.

Sosialistiske modellar

Sosialisme er langt meir enn ei ny regjering og litt meir statleg regulering. Det finst ikkje ein ferdig definert og fastlagt sosialisme, men eit mangfald av sosialistiske idear og modellar i kontinuerleg samspel og konflikt med kvarandre. Mange av desse kan bidra til å utvikle eit framtidig sosialistisk Noreg og må byggje på ei utviding av demokratiet. Allmenn stemmerett og val til politiske organ, er sjølvsagt. Kimen til ein slikt framtidig fellesskap, finn ein i dag. Allemannsretten med mellom anna fri rett til ferdsel og ulike naturopplevingar, er eit eksempel på dette. Velferdsstaten, som er eit resultat av arbeidarrørsla sin kamp gjennom over hundre år, har i utgangspunktet stilt ei rekkje tenester som mellom anna skule, helsevesen og vegar til gratis disposisjon for befolkninga. Raudt vil at stadig fleire varer og tenester skal takast ut av marknaden og gjerast om til gratis velferdstilbod. Døme på dette er offentleg kollektivtransport, tannlegetenester, advokathjelp og kunst- og kulturopplevingar. I første omgong vil dette framleis bli finansiert av fellesskapen, gjennom eit rettferdig skattesystem, der alle bidrar etter evne.



Eit kjenneteikn ved sosialisme, er at arbeidarane har makta på jobben og sjølve kan bestemme korleis arbeidet skal organiserast.

Samfunnsvitale verksemder, som helse, utdanning, bank- og finansvesen, infrastruktur, transport og naturressursar, må vere i offentleg eige og underlagt eit transparent demokratisk styringssystem. Verksemder som er så store at dei er sentrale for heile landet sin økonomi, må eigast av samfunnet og underleggast demokratisk styring og kontroll. Eksempel på dette er store bankar og finansinstitusjonar og store industriføretak knytt til utnyttinga av norske energi- og naturressursar. Dei store linjene i økonomien, må fastsettast gjennom demokratiske planprosessar.

Det er også nødvendig med sentralt vedtekne miljøreguleringar for å sikre felles naturverdiar og miljøkvalitetar som har betydning for heile landet eller for ein større region, og for å hindre urettferdig geografisk fordeling av fordelar og ulemper. Raudt går også inn for internasjonale miljøreguleringar for å sikre globale og internasjonale miljøomsyn, for eksempel grenser for klimagassutslepp, og for å bidra til ei meir rettferdig internasjonal fordeling.

I andre tilfelle kan ressursane best styrast lokalt. Raudt vil for eksempel tilbakeføre eigarskapen til fiskerinæringa til kystbefolkninga, gjennom å gjere slutt på kjøp og sal av kvotar, overføre kvotar til kystfiskeflåten og regulere oppdrettsnæringa til fordel for lokale produsentar. Konsesjonar og kvoter fordelast etter distrikt. Raudt ønskjer også å bidra til å utvikle eit mangfald av sosialistiske organisasjonsformer, gjennom arbeidarstyrte verksemder, auka makt og innflytelse for arbeidarar også i andre typar verksemder, deltakande budsjettering og andre element frå deltakarøkonomi. Saman med andre organisasjonsformer, som f. eks. forhandlingsmodellar, kooperativ og planelement, kan dette danne grunnlaget for ei tilpassingsdyktig økonomi som set folk sine behov først og som opererer innanfor naturen si bereevne.

Sosialistisk samfunnsstyring

I eit sosialistisk samfunn, vil representative folkevalde organ måtte få langt større makt enn dei får under kapitalismen. Slike forsamlingar må ha overordna kontroll med økonomien og statsapparatet. Samtidig må folk ta stadig meir direkte makt på arbeidsplassar og i lokalsamfunn, mellom anna gjennom bruk av ny teknologi få høve til å delta i dei store avgjerdene. Skal folk få reell makt, så må det etter Raudt sitt syn, satsast meir på mindre samfunnseiningar og lokalsamfunn. Raudt meiner at ytringsfridom, organisasjonsfridom, frie val, frie medium, streikerett, religionsfridom og uavhengige domstolar som garanterer rettssikkerheit for det enkelte individ, er grunnleggjande for eit sosialistisk samfunn. Retten til å kritisere og til å være ueinig med styresmaktene, må gjelde for alle, også for motstandarar av sosialisme. Alle må sikrast mot overgrep frå staten, og ein demokratisk, sosialistisk framtid er avhengig av at interessemotsetningar diskuterast ope og at ulike politiske syn organiserer seg. Sosialisme føreset oppslutning frå folkefleirtalet.

Sosialisme er ikkje eit idealsamfunn. Det vil framleis vere problem i eit sosialistisk samfunn, men i motsetnad til i dag, der kapitalinteresser bestemmer rammene for samfunnsutviklinga, vil moglegheitene til å styre samfunn og økonomi i ei retning som kjem miljøet og fellesskapen til gode, både nasjonalt og internasjonalt, vere større.

Viss den reelle makta blir liggjande hos nokre få, tar det ikkje lang tid før dei vil bruke denne makta til å ivareta egne interesser. Det må etablerast gode system for maktfordeling og maktkontroll, for eksempel ved rotasjon av verv og rett til å tilbakekalle representantar.

Det som forandrar maktforhold, er aktive menneske som organiserer seg. Eit sosialistisk land treng ei aktiv fagrørslé, miljørørslé, kvinneorganisasjonar, lokale interessegrupper og antirasistiske organisasjonar. Eit verkeleg demokrati betyr at alle får samle styrke til å snakke og bli høyrde.

Det nasjonale representative demokratiet, må forsvarast mot ytterlegare forskyving av makt oppover, både nasjonalt og globalt. Parlamentet må sikrast kontroll over den utøvande makt (regjeringa). Samtidig er det behov for betydeleg meir openheit og aktiv demokratisk deltaking – også på nasjonalt nivå – som innbyggjarinitiativ og fleire folkerøystingar.

Internasjonal solidaritet er ein sentral del av sosialismen, og eit sosialistisk Noreg må knyte band til og støtte folkelege og framtidsvennlege rørslé i andre land. Utanrikspolitisk byggjer sosialisme på respekt, gjensidigheit og likerett. Det er viktig at vi samarbeider med parti, forum og organisasjonar som jobbar for eit sosialistisk samfunn i andre land. Ei sosialistisk regjering må støtte andre folk og nasjonar som kjempar



for å lausrive seg frå imperialismen og forsøker å byggje sosialistiske samfunn ut frå egne føresetnadar. Men ein slik solidarisk haldning skal være kritisk.

Å hindre ein ny, øydeleggjande krig mellom stormaktene, er nødvendig for å vidareutvikle den menneskelege sivilisasjonen. Å bevare freden, er ein føresetnad for å kunne byggje sosialisme.

Sosialisme for det 21. hundreåret

Dei revolusjonære kreftene som i dag prøver å utvikle ein strategi for sosialisme for det 21. hundreåret, trekkjer lærdom av dei feila som tidlegare har blitt gjort. Raudt ser seg som ein del av denne rørsle, men held fast på at ein norsk sosialisme ikkje kan vere ein kopi av andre sin. Den må byggje vidare på tradisjonane frå vår eigen historie med klassekamp og politisk kamp, som blant anna førte til samvirketanken, kooperasjonane og krava om ein godt utbygd velferdsstat. Den må vidareutvikle dei demokratiske rettane som arbeidarklassen har kjempa fram gjennom over hundre år, som organisasjonsfridom, stemmerett, ytringsfridom og rettssikkerheit. Internasjonalt er det også i ferd med å utvikle seg ein øko-sosialistisk rørsle, som peiker på avskaffing av kapitalismen som ein avgjerande føresetnad for å ta vare på livsgrunnlaget og unngå klimakatastrofe. Raudt ser seg også som ein del av denne rørsle og vil samarbeide med antikapitalistiske parti og organisasjonar i andre land innanfor dette nettverket.



Kapittel 7. Kreftene for forandring

Frigjering kan ikkje skjenkast i gåve ovanfrå, men må vinnast av dei undertrykte sjølve, nedanfrå. Dette er botnplanken i strategien vår for samfunnsending. Arbeidarane si frigjering, er arbeidarane sitt eige verk. At sosialisme ikkje kan skjenkast av ein elite ovanfrå, heng saman med at samfunnsending ikkje kan drivast fram av idear og ideologiar åleine. Idear kan berre bidra til store endringar når dei blir kopla på motoren i den politiske striden, som er kampen mellom motstridande interesser.

Demokratiet sin læringsprosess finn stad gjennom fagorganiseringa og kvinnerørsla, gjennom kampen for røysteretten og velferdsstaten, og ikkje minst: gjennom direkte aksjon, som når dei tilsette samla til streikemøte sjølve sit med makta til å bestemme om verksemda er stengt eller opa i morgon. Reell makt og innflytelse, fører til ansvarleggjering, vekst og læring. Dette gjeld arbeidarane sin kamp, kvinnekampen og minoritetar sin strid for anerkjenning og like rettar. Dei styrte gjer seg sjølve i stand til å styre gjennom eiga erfaring i demokratiske rørsler for ei betre verd.

Arbeidarklassen

Den fundamentale interessemotsetninga i kapitalistiske samfunn, står mellom kapitaleigarane, som utøvar makt over og tener på andre sitt arbeid, og arbeidarklassen som er avhengig av å selje arbeidskrafta si. Den økonomiske motsetninga mellom arbeid og kapital og klassekampen den gir opphav til, har ei særleg betydning for den politiske strategien vår.

Arbeidarklassen – viss den er organisert – står i ein strategisk sterk posisjon ved at den har makt til å stenge kapitaleigarane sine verksemder og stanse dei store hjula i samfunnsøkonomien. Denne kollektive makta, er grunnlaget for arbeidarrørsla si kampkraft og forhandlingsstyrke, som igjen ligg til grunn for sivilisatoriske framsteg som felles velferd og eit regulert arbeidsliv. 1900 - talet sine velferdsstatar, blei mest omfattande og robuste der arbeidarrørsla sto sterkast; i dei nordiske landa.

Utan ein sterk fagorganisasjon og arbeidarrørsla, er det ikkje mogleg korkje å forsvare sigrane frå 1900-talet eller å kjempe fram nye framsteg i retning av eit sosialistisk samfunn.

Bønder, småbrukarar og fiskarar er ein del av det arbeidande folket og har felles interesser med arbeidarklassen. Kunstnarar, forfattarar, kulturarbeidarar, akademikarar og andre friare mellomlag, får i større grad også tydelegare felles interesser med arbeidarklassen.

Mange som fell utanfor arbeidslivet, som trygda og pensjonistar, tilhøyrer også arbeidarklassen.

Folkelege rørsler

Kampen mot rasisme, kvinneundertrykking, krig, miljørasering og mot diskriminering på grunn av seksuell identitet og kjønnsuttrykk, er viktig for å nå målet vårt om at ingen skal bli utnytta og at alle skal ha dei beste moglegheitene til å leve frie og sjølvstendige liv. Kvinner sin rett til sjølvbestemt abort, etniske minoritetar og skeive personar sin rett til å leve eit liv fritt frå diskriminering, er i seg sjølv avgjerande kampar uavhengig av deira samanheng med klassekampen. I ei verd prega av opprustning, miljørasering og enormt tap av artsmangfald, er også fredsrørsla og miljørørsla av avgjerande betydning for vår felles framtid.

Kampen mot diskriminering handlar også om samhaldet internt i arbeidarklassen. Rasisme, kvinneundertrykking og diskriminering av menneske med funksjonsnedsetting, skapar splid blant dei som burde vere allierte og tener derfor kapitaleigarane. Derfor har effektiv kamp og sigrar for arbeidsfolk flest, historisk sett ofte vore kopla til solidaritet mellom ulike undertrykte grupper.

Arbeidet for sosialisme i Noreg, heng også saman med internasjonal solidaritet. Skilnaden mellom land i verda når det gjeld levestandard, er i dag enorm, og ein liten, superrik elite samlar stadig meir av jorda sine ressursar på sine hender, samtidig som millionar blir haldne nede i fattigdom. Vidare er dei som har bidrege minst til klimaendingane som regel dei som blir hardest ramma av verknadane. Raudt vil utvikle kontakt med og støtte opp om sosialistar og frigjøringsrørsler i andre land, utan at vi dermed ukritisk omfamnar alle som kallar seg sosialistar eller kjemper mot vestleg imperialisme.

Fagrørsla og parti, grunnplan og leiing

Utan politiske idear som strekkjer seg ut over fagforeiningshorisonten, får rørsla avgrensa kraft til varig samfunnsending. Utan politiske parti, er det vanskeleg å mobilisere dei som står utanfor fagrørsla sine



rekker. Utan ein politisk arm inn i nasjonalforsamlinga, kunne aldri arbeidarrørsla skrive om lover og reglar til fordel for folk flest: Vi ville stått utan folketrygda og utan arbeidsmiljølova.

Gjennom sine store investeringar i arbeidaraviser, kulturarbeid, samverke og arbeidarparti, gjennomførte den fagorganiserte arbeidarklassen eit historisk krafttak for å vinne innverknad over samfunnsutviklinga. Arbeidarklassen sitt demokratiske problem, var at denne innverknaden, måtte bli delegert oppover, til forbundsleiarar, partipolitikarar og redaktørar, noko som alltid inneber ein fare for at representantane utviklar seg til eit eige sjikt, med andre interesser enn dei som dei representerer. I takt med profesjonaliseringa og byråkratiseringa av fagforbunda sine apparat og i takt med at store arbeidarparti blei karriereveggar for den som ville opp og fram, blei innverknaden til arbeidsfolk på grunnplanet i rørsla svekka. Å aktivisere grunnplanet igjen, er svaret vårt på denne utfordringa.

Norske fagforbund er prinsipielt demokratiske organisasjonar, der leiinga blir vald nedanfrå. Arbeidarrørsla har likevel fått eit sjikt av profesjonelle leiarar som ser ut til å lytte meir til parti, stat eller til og med EU, enn med den organiserte arbeidarklassen. På denne måten, har arbeidarrørsla sitt sentrale apparat, fått ein tvtydig karakter. På den eine sida, er det uttrykk for arbeidarklassen sin styrke og ein tung maktfaktor i tariffoppgjer og samfunnsreformer. På den andre sida utgjer maktapparatet eit hinder for ei kamplinje og for at krav og aktivitet frå grunnplanet vinn fram. I det ligg at kampen for rettferd blir halde nede når regjeringar utgått av arbeidarrørsla, køyrer fram reformer som omfordeler frå arbeidsfolk til meir privilegerte grupper.

Raudt arbeider for ei fri og uavhengig fagrørsla som gjer aktiv motstand mot offensiven frå kapitalistklassen. Raudt ser på fagrørsla som den viktigaste masseorganisasjonen for å kunne skape grunnleggande samfunnsendingar i solidarisk og sosialistisk retning.

Ein demokratisk revolusjon

Sjølv om folk i Noreg har oppnådd mange og viktige demokratiske rettar, står kapitalismen i motsetnad til reelt demokrati. For at det arbeidande folket skal ha makt, trengst ei radikal endring av maktforholda – ein sosialistisk revolusjon.

Vi i Raudt vil at revolusjonen skal vere demokratisk forankra og skje fredeleg. Dette krev at fagrørsla og andre store folkelege organisasjonar, set spørsmålet på dagsorden og at eit stort fleirtal av befolkninga stiller seg bak endringane. Standpunkta til folkefleirtalet, vil komme til uttrykk i politiske aksjonar og kampar, i val og på annan måte, før ei større omvelting, og dette vil endre den politiske samansetninga av folkevalde organ. Prosessen kan også føre til oppretting av nye demokratiske styringsorgan. Fordi demokratisk forankring er avgjerande, må fleirtalet si oppslutning bli stadfesta gjennom folkerøystingar og frie val.

Gjennom historia har økonomiske og politiske elitar, brukt udemokratiske middel i møte med demokratiske forsøk på å utfordre den kapitalistiske eigeomsretten. Det har skjedd gjennom kapitalstreik, ulovleg overvaking og forfølgning av opposisjonelle, innskrenkingar i yringsfridomen og forsamlingsfridomen, direkte militær makt eller bruk av tvangsmiddel og sanksjoner gjennom EU og andre overnasjonale organ.

I møte med maktmisbruk ovanfrå, er folkeleg, demokratisk organisering nedanfrå svaret.

Reform og revolusjon

Ein reformistisk strategi, vil aldri kunne føre til eit sosialistisk samfunn. Kjernen i reformismen, er ideen om at kapitalismen kan bli omdanna til sosialisme gjennom gradvise reformer, ved å oppnå regjeringsmakt i eit kapitalistisk samfunn. Denne regjeringsstrategien er også kalla ministersosialisme. Som eit revolusjonært sosialistisk parti, er det ikkje Raudt si oppgåve å administrere kapitalismen i regjeringsposisjon. Tvert om er mobilisering av folkelege krefter og bygging av motmakt nedanfrå, ein nødvendig føresetnad både for antikapitalistiske reformer i dagens situasjon og for å avskaffe kapitalismen og erstatte dette systemet med eit sosialistisk folkestyre.

Historisk har vi sett at sosialistiske parti med ein reformistisk strategi, har enda opp som systemlojale, og har forlate målet om sosialisme når dei har fått makt. Tilhengarane av reformisme, under splittinga av arbeidarrørsla i ein revolusjonær og ein reformistisk fløy, fekk rett i at det var mogleg for ei sterk arbeidarrørsla å vinne framsteg og reformer innanfor rammene av eit kapitalistisk samfunn.

Dei revolusjonære hevda på si side at viss arbeidarrørsla let det kapitalistiske maktforholdet bestå, ville dei positive reformene innan velferd og arbeidsliv vere høgst utrygge framsteg som ville bli undergrave



og angripe så snart den økonomiske makteliten kom politisk på offensiven. Ikkje berre fordi dei rike og mektige ønskjer å svekke arbeidarklassa sin innverknad og redusere skatten på sin eigen rikdom, men også fordi den kapitalistiske økonomien sin konkurransetvang nådeløst pressar den enkelte kapitaleigar og dei kapitalistiske statane i den retninga.

Reform og revolusjon er ikkje motsetnader, dei heng saman. Kampen for umiddelbare forbetringar og samfunnsreformer, er motoren i den politiske arbeidarrørsla. Siger for reformkampen, skaper ikkje berre framsteg for fleirtalet sin fridom, tryggleik og velferd, men også auka kunnskap, politiske verktøy, tiltru til eigne krefter og sjølvtilitt til å føre den demokratiske kampen over neste skanse. Den progressive reforma kan vere eit springbrett for ein større revolusjonær offensiv.

Vi bygger sosialisme saman

Vi ønskjer å bygge eit parti med handling hos dei mange, ikkje politisk makt hos dei få. Saman bestemmer vi ikkje berre måla og retninga i den politiske kampen, men set dei også ut i livet, med handlingar som stakar ut kursen, steg for steg.

Vi baserer forståinga vår av samfunnet på marxistisk teori. Som andre teoriar, må marxismen alltid prøvast mot praksis, slik at den kan bli eit stadig betre verktøy i den politiske kampen i eit samfunn i stadig endring. Når vi skal byggje eit parti og ein sosialisme for det 21. hundreåret, byggjer vi på sosialistiske tradisjonar og den norske arbeidar- og kvinnerørsla sine rike erfaringar. Raudt står støtt på det fundamentet som alt er skapt i den demokratiske kampen, men først og fremst vil vi vere framtidsretta, nyskapande og dristige. Kjernen i eit sosialistisk samfunn, er at det breie laget av folket ikkje lenger vil vere undertrykt av eit lite mindretal, men snarare sjølv styre utviklinga i det politiske og økonomiske livet, i fritt og demokratisk sjølvstyre. Dette vil vere eit samfunn der folk er politiske deltakarar kvar einaste dag, og ikkje berre annakvart år ved val.

Raudt har som mål å bli ein politisk reiskap som trengst for å skape ein ny venstreside og gjennomføre dei endringane vi treng i dag. Kampen for eit radikalt meir demokratisk og rettferdig samfunn, pulserar gjennom hundreåra, trass i alle hindringar. I dag, med den overhengande klimakatastrofen og grotesk ulikskap i verda, er denne kampen meir nødvendig enn nokon gong.

Raudt sitt mål, er å fjerne klassane og slik også klasseundertrykkinga. Dette arbeidet må fortsette i eit sosialistisk samfunn, og det må skje i samvirke mellom folkelege organisasjonar av alle slag. Utan kontinuerleg kamp og organisering mot undertrykking, er risikoen stor for at dei tidlegare strukturane bryt fram igjen.

Når ein etter kvart kjem stadig nærmare målet om eit samfunn utan undertrykking, i harmoni med naturen sine tolegrensar, vil det vere mogleg å sjå konturane av eit klasseløst samfunn: ei verd der alle menneske er like mykje verdt – og der grunnprinsippet er «yte etter evne, få etter behov». Det var dette Karl Marx kalla kommunisme.